

**Etterspør kvalfangarar frå Kvinnherad**

I samband med Kulturminnedagen i Kvinnherad laurdag 9. sept vert spurt om det finst kvinnheringar som har vore på kvalfangst. Då tenkjer ein særleg på den store kvalfangsten i Sydishavet i mellomkrigstida og fram til på 1950 talet. Til denne markeringa skal det i biblioteket monterast ein vandreutstilling frå Kvalfangsmuseet i Sandefjord,- 'Syd Georgia - øya og menneska'.

Her vil du få oppleve kvalfangsten på Syd Georgia frå 1904,- særleg med fokus på kvalfangststasjonen i Grytviken. Det er ein fotoutstilling som syner arbeidsliv og butilhøve og kontrasten mellom det å bu i kummerlege mannskapsbrakker og salongane til direktørar og offiserar. Dei fleste fotografia er henta frå private samlingar. Variasjon og mangfald i biletmaterialet frå den tidlege fangstperioden gjer at utstillingen er unik og spanande.

Til opninga 9. sept ynsker Kultur og fritid kontakt med kvalfangarar frå Kvinnherad. Det kan også vera pårørande og slekt til kvalfangarar. Den europeiske kulturminndagen vert kvart år skipa til tidleg i september. Tema i år er Stader for innkomst og avreise. I Kvinnherad har ein vald å ha fokus på Kvalfangst i Sydishavet. Interesserte kan ta kontakt med Kulturkontoret.